

Utviklingsplan for Kleppe skule 2018-2020






Analyse av skulen sin ståstad

Dei nasjonale måla for skulen og måla for Jærskulen er styrande for utviklingsarbeidet på Kleppe skule

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag, og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova. Den nye overordna delen er et felles verdidokument.



Overordna nasjonale må er at:

- *elevane skal meistre grunnleggjande ferdigheiter og ha god fagleg kompetanse*
- *elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø*
- *fleire elevar og læringar skal gjennomføre vidaregåande opplæring*

Det er ein raud tråd frå desse måla og til Kleppe skule sin Utviklingsplan.

Visjonen vår er **saman om ein god start**. Verdiane den byggjer på er meistring, inkludering og det å vere framtidsretta.

For oss på Kleppe skule betyr det at eleven skal oppleve meistring i ein inkluderande skule slik at den enkelte eleven skal bli rusta til å møte framtida.

Sist skuleår var logo for Kleppe skule klar, den viser visjonen vår og verdiane våre.






Læringsresultat


Resultat frå nasjonale prøver:

Engelsk:



Kleppe skule, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn


Rekning:



Kleppe skule, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn



Lesing:



Kleppe skule, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Analyse av resultata

Resultata viser god framgang på alle områda. Sjølv om resultata for 17/18 er svært gode, veit vi at det vil variere mellom kulla frå år til år. Det vil vere viktig å halde fram med grundig og systematisk arbeid med begrepslæring i tillegg til arbeid med lese- og lærestrategiar. Målet er å ha færre elevar på nivå 1 og fleire på nivå 3.

Resultat kartleggingsprøvar 1.-3.trinn

Rekning:

	1.trinn: Prosent under bekymringsgrensa	2.trinn: Prosent under bekymringsgrensa	3.trinn: Prosent under bekymringsgrensa
13/14	15	24	27
14/15	28	21	15
15/16	16	24	22
16/17	43	13	16
17/18	18	48	10



**Lesing:
1.trinn:**

Delprøver	% på eller under bekymringsgrensa 13/14	% på eller under bekymringsgrensa 14/15	% på eller under bekymringsgrensa 15/16	% på eller under bekymringsgrensa 16/17	% på eller under bekymringsgrensa 17/18
Å skrive bokstaver	17	26	7	26	7
Å finne lydar i ord	12	11	6	26	6
Å trekkje saman lydar til ord	18	25	13	37	20
Å stave ord	10	14	7	26	13
Å lese ord	7	12	10	26	11
Å lese er å forstå	10	12	3	24	6

2.trinn:

Delprøver	% på eller under bekymringsgrensa 13/14	% på eller under bekymringsgrensa 14/15	% på eller under bekymringsgrensa 15/16	% på eller under bekymringsgrensa 16/17	% på eller under bekymringsgrensa 17/18
Å lese ord	18	27	26	13	16
Å forstå ord	21	23	29	22	55
Å stave ord	21	29	7	19	42
Å lese er å forstå del 1+2	8	29	24	6	32



3.trinn:

Delprøver	% på eller under bekymringsgrensa 13/14	% på eller under bekymringsgrensa 14/15	% på eller under bekymringsgrensa 15/16	% på eller under bekymringsgrensa 16/17	% på eller under bekymringsgrensa 17/18
Å lese ord	44	21	44	28	12
Å stave ord	22	18	23	14	12
Å forstå ord del 1+2	18	20	16	25	10
Å lese er å forstå del 1+2	18	17	13	13	5

Analyse av resultata

Resultata varierer frå år til år, dette heng nok mest i saman med at kulla er ulike, og dei bør difor samanliknas med seg sjølve. 1. og 3.trinn har gode resultat både i lesing og rekning. 2.trinn har dårlege resultat i både lesing og rekning, noko dei også hadde året før. Her er det sett inn systemtisk oppfølgingsarbeid, noko som har ført til at dei har hatt positiv utvikling i lesing. Vi vil halde fram med systematisk oppfølgingsarbeid i lesing og rekning, både på individuelt og gruppe-nivå.

Det blir viktig framover å arbeide systematisk med språk og begrep på alle trinn, spesielt vil dette vere viktig for den store gruppa med elevar som ikkje har norsk som morsmål.

Lesing, begrep- og språkforståing er det viktigaste, og ligg i botn for anna læring, vi vil difor halde fram med dette som utviklingsområde.

Læringsmiljø

Hausten 2017 gjennomførte elevane på 5.-7.trinn Utdanningsdirektoratet si elevundersøking. I tillegg har det vore andre lokale undersøkingar, mellom anna trivselsundersøkingar på 1.trinn i samband med Tidleg Innsats-programmet og undersøkingar av læringsmiljø gjennom klasse-trivsel.no.

Elevundersøkinga viser at elevane på Kleppe skule har høg grad av trivsel, har god motivasjon for skularbeidet, får god støtte frå lærarane i læringsarbeidet, opplever medverknad i læringsarbeidet og opplever at skulemiljøet er trygt.

I elevundersøkinga er spørsmål om trivsel og mobbing kun ein del av undersøkinga, difor har vi andre lokale undersøkingar som ikkje er anonyme. Her kan elevane gje melding om krenkande atferd og mobbing. Det som blir avdekkja tek lærarane på det enkelte trinn tak i og får bistand frå miljøterapeut og/eller sosiallærer eller leiing der det trengs. Kleppe skule har gode rutinar for oppfølging av mistrivsel og mobbesaker.



Personalet på Kleppe skule er opptekne av at alle elevane skal ha ein god skulekvardag. Det er mange vaksne ute i alle friminutt for å forebyggje eit godt skulemiljø. Skulen er med i partnarsskap mot mobbing. Både Elevrådet, FAU og personalet på skulen skal vere aktive bidragsyttere her.

Skulen har laga og sett i verk læreplan i sosial kompetanse. Framover er det viktig at denne blir implementert i heile personalet, og at vi held fram med fokus på sosial kompetanse. Vi meiner at dette er det viktigaste arbeidet, og at det er ein forutsetning med godt læringsmiljø for å få eit godt læringsutbytte. Difor vel vi å halde fram med Tidleg Innsats-program for dei yngste elevane, og vi har sosial kompetanse som eit av våre utviklingsområder.

FAU og Driftsstyret har vore med i prosessen kring ny utviklingsplan, og er spesielt opptekne av og støtar skulen si jobbing med sosial kompetanseutvikling framover.

Digital læring

I løpet av sist skuleår fekk alle elevane på Kleppe skule kvar sitt digitale læringsbrett. Erfaringane frå dei trinna som har hatt læringsbrett ei stund, er at elevane er meir motiverte for læring og at det er større mulighet for tilpassa undervisning. Læringsbretta aleine fører ikkje til auka læringsutbytte, det er den totale, varierte og gode tilpassa undervisninga som skal føre til enno betre læringsresultat. Læringsbretta blir ikkje brukt heile tida, men er ein naturleg del av undervisninga, og blir brukt der det er mest formålstenleg i læringsarbeidet. For å kunne nyttiggjere læringsbrettet som eit godt undervisningsverktøy, treng alle elevar og tilsette vidare kompetanseheving og utvikling. Vi har difor valt å ha digital læring som eit av våre utviklingsområder.

Utviklingsarbeidet – ein prosess

Sist skuleår var det skifte i leiinga ved skulen. Leiingsstrukturen vart endra til rektor, ass.rektor, to avdelingsleiarar og SFO-leiar. Grunna ulike permisjonar og sjukemeldingar i administrasjonen fekk ein ikkje prøvd ut den nye modellen i særleg grad. Måla med avdelingsleiing er at ein kan vere tett på trinna og drive utviklingsarbeidet på «sine» trinn. Kleppe skule får skuleåret 18/19 over 500 elevar i tillegg til Språkstasjonen som er ein eigen avdeling. Sidan skulen er så stor, og det er fleire leiarar vil vi vere særleg opptekne av å vidareutvikle det nye leiarteamet til å vere eit team som har god driv på pedagogisk utviklingsarbeid og vidareføre ein skule med eit godt læringsmiljø.

Hausten 2017 vart det gjennomført medarbeidarkartlegging i Klepp kommune. Resultata viser at Kleppe skule har eit personal som trivst i jobben og at det er eit godt mestringsklima. Utviklingsområder er kompetanseheving, spesielt på digital læring, og leiing som er tett på dei ulike avdelingane.

Personalet ved Kleppe skule har samla sett mykje kompetanse, og det er ønskjeleg å arbeide vidare med gode strukturar for vårt pedagogiske utviklingsarbeid, der vi kan spreie kompetanse mellom kollegaer. Dette har vi lukkast med i stor grad sist skuleår, spesielt når det gjeld digital læring og utvikling. Dette vil vi vidareutvikle til alle utviklingsområda. På nokre område vil vi nyttiggjere oss av ekstern kompetanse, slik vi også gjorde sist skuleår, spesielt då vi arbeidde med lesing og språk.

Kleppe skule bruker SOL som metode i arbeidet med lesing. Sist skuleår hadde vi ekstern kursing for å auke og friske opp kompetansen på dette. For komande skuleår har skulen fire





ressurspersonar i lesing og SOL, som skal arbeide med rettleiing av personal og vere med å drive det pedagogiske utviklingsarbeidet.

Det har vore to større evalueringar av utviklingsplanen i personalet i løpet av skuleåret. Desse er med i grunnlaget for vidare val av utviklingsområder. I tillegg har det vore gode drøftingar i utviklingsgruppa ved skulen og gode drøftingar/refleksjonar i dialogmøta mellom utviklingsgruppa og etatskontoret.

I lag med personalet, i utviklingsgruppa, leiargruppa og i Driftsstyret har skulen vald ut fire utviklingsområder:

Sosial kompetanse, digital læring, lesing og språk og overordna del - fagfornyinga

Overordna del –fagfornyinga vil vere ein del av dei andre tre områda, og hadde difor ikkje trengt å vere eit eige område. Men, vi har likevel valt å ha det som eit eige område, då det vil vere ein stor del av utviklingsarbeidet på skulen dei komande åra, og det er enklare å lukkast med arbeide når det er konkret og vi arbeider systematisk.

Alle områda er omfattande, men samtidig heng dei saman og influerer på kvarandre.

Oppsummering

Sosial kompetanse

For å få til god læring må det vere eit godt læringsmiljø. Det er viktig for oss å stadig jobbe med sosial kompetanse. Implementering av sosial læreplan vil vere ein viktig del av arbeidet.

Digital læring

Det er framleis behov for å ha stort fokus på digital læring for at alle elevar skal oppleve auka læringsutbytte. Fokus kjem til å vere pedagogisk bruk av nye digitale verktøy.

Lesing og språk

Vi vil spesielt ha stort fokus på systematisk begrepsinnlæring og lesing som grunnleggjande ferdighet.

Overordna del – fagfornyinga

Ny overordna del er vedteken nasjonalt, det vil vere viktig å bruke tid på å implementere denne. Nye fagplanar skal utarbeidas nasjonalt, neste år, og året etter skal skulen bruke tid på implementering.

For å få til eit godt utviklingsarbeid er det naturleg å tenke langsiktig. Vi har difor laga utviklingsplanen for to år. Det vil sjølvstøtt vere rom for endringar utifrå kva evalueringane viser.

SFO ved skulen er naturleg deltakande i satsingsområda våre.

Kleppe skule, 01.07.18

Sylvia Gjersdal
Rektor





UTVIKLINGSOMRÅDER FOR KLEPPE SKULE 2018-2019

SOSIALKOMPETANSE				
MÅL	Delmål	Tiltak	Vurdering	
Elevane opplever eit godt og inkluderande læringsmiljø	Utvikle ein felles sosial plan	Videreutvikle sosial- læreplan til ein felles sosial plan med verktøy og læringsressurs. Arbeide med felles skulekultur – slik har vi det hos oss!	Utviklingsplanen blir evaluert til jul og sommar. Utviklingsgruppa evaluerer undervegs. Leiinga har jamnleg evaluering på trinn og i team.	
	Alle skal bruke sosial læreplan i undervisninga	Timeplanfesta arbeid med sosiale mål kvar veke Fellessamlingar med fokus på sosiale mål Mål på vekeplan henta frå sosial læreplan Fokus på sosiale mål på tur og uteskule «Filmbank» på fellesområdet SPT		
	God bruk av kartleggingsverktøy	Alle klassar bruker klassetrivsel.no		
	Samanheng heim-skule	Leggje til rette for og oppfordre til sosiale arrangement utanom skuletida, f.eks vennegruppe, spelekveld..		



DIGITAL LÆRING				
Auka digital forståing	Rettleiingar	Workshop Begynnerkurs/ oppfriskning Modellering i klasserom av ressurspersoner Rettleiingar som ligg tilgjengeleg på fellesområder. Lære begrep, system og forstå samanhengen.	Utviklingsplanen blir evaluert til jul og sommar. Utviklingsgruppa evaluerer undervegs Leiinga har jamnleg evaluering på trinn og i team.	
	Auka læring med læringsbretta.	Begynneropplæring 1.trinn. Involvering av faddere. Filme læringssituasjoner i klasserom til bruk i fellestid og team (vurdering av praksis) Deling av undervisningsopplegg. Lage felles undervisningsopplegg, gjerne tverrfagleg (overordna del) Vidareutviklingskurs for lærarar. Bruk av koding i undervisninga. Elevane har god forståing av nettvett. Lage oversikt over ulike apper til dei ulike trinna.		



LESING OG SPRÅK				
Styrke elevane sine lese-og språkferdigheter	Bruke SOL systematisk	Bruke ressurspersonane til kompetanseheving. Sole alle elevane.	Utviklingsplanen blir evaluert til jul og sommar. Utviklingsgruppa evaluerer undervegs Leiinga har jamnleg evaluering på trinn og i team.	
	Styrka særskilt norskopplæring	Systematisk begrepsopplæring		
	Involvere føresette for å auke leselyst og lesedugleik.	Kompetanseheving for føresette. Kurs. Lesing er tema på utviklingssamtale og foreldremøte med tips til leseutvikling.		
	Bruke leseplanen aktivt	Løfte Leseplanen Gjennomgå kapittel for kapittel Være kjent med innholdet i planen		
	Kompetanseheving for tilsette	Språkløyper		
	Elevane får god kjennskap til ny litteratur	Bibliotekaren held bokpresentasjonar for tilsette. Oppdatering av biletbøker		

OVERORDNA DEL - FAGFORNYINGA				
Elevane si læring byggjer på overordna del av læreplanen	Forstå og kjenne innhaldet.	Lese og drøfte kvart av områda/kapitla i PU-øktene	Utviklingsplanen blir evaluert til jul og sommar. Utviklingsgruppa evaluerer undervegs Leiinga har jamnleg evaluering på trinn og i team.	
	Ta i bruk	Lage tverrfaglege undervisningsopplegg felles. Fordele tema på trinn.		